

## Vurdering av utdanningsfagleg basiskompetanse for vitenskapleg tilsette (førsteamanuensis) ved Det medisinske fakultet, UiB

### Bakgrunn

Ei revidert *Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskarstillingar*<sup>1</sup> tredde i kraft frå 1. september 2019. Her er krava til utdanningsfagleg basiskompetanse (krav for førsteamanuensisstilling) stramma inn, og det er også innført utvida krav for kompetanse for professorstilling. I stilling som førsteamanuensis er hovudkravet eit gjennomført eige program på minimum 200 timar. Men ein kan alternativt oppnå basiskompetanse gjennom relevante kurs og eigen praktisk undervisning, og dermed oppnå grunnleggjande ferdigheiter innan planlegging, gjennomføring, evaluering og utvikling av undervisning og rettleiing.

Den mest brukte og føretrekte vegen til basiskompetanse ved UiB er gjennom det etablerte universitetspedagogiske tilbodet (sjå <https://www.uib.no/uniped>), og tilsvarande ved andre universitet og høgskular. Eining for læring ved Det medisinske fakultet (MED) har ei rekke kurstilbod som kan supplere det sentrale kurstilbodet (sjå <https://www.uib.no/med/enhetforlaering>).

Mange tilsette har tileigna seg utdanningsfagleg kompetanse på andre måtar – gjennom erfaring, andre utdanningstilbod eller relevant kompetansehevande verksemd. For desse er det dermed aktuelt å få dokumentert kompetansen sin gjennom den alternative ruta. Det er difor gjort mogleg for tilsette ved MED å søke fakultetet om å få sin utdanningsfaglege kompetanse vurdert som likeverdig med den kompetansen det universitetspedagogiske kursprogrammet gir og dermed tilfredstille krava i forskrifta. Ein søker til fakultetet, som så ber om uttale frå fakultetet sitt pedagogisk-sakkunnige organ<sup>2</sup>, forankra ved Eining for læring. Dersom søknaden tilfredsstillar krava, vert det utferda ein skriftleg uttale som vedkommande kan bruke som dokumentasjon på godkjent pedagogisk basiskompetanse ved seinare tilsetting. Dersom ein søknad er mangelfull, skal komiteen gje ei kort grunngjeving som søkeren kan bruke for å planlegge vidare kompetansebygging.

### Om søknaden

Tilsette som søker vurdering av allereie opparbeidd kompetanse, må dokumentere den utdanningsfaglege kompetansen sin i ei pedagogisk mappe<sup>3</sup>. I tillegg må det sendast inn eit søknadsbrev der ein argumenterer for korleis læringsutbytte av dei gjennomførte aktivitetane er dekkjande for krava i forskrifta. Søknaden må spesifisere om ein berre søker stadfesting av grunnleggjande utdanningsfaglig kompetanse for førsteamanuensis (jfr. § 1-4 (3)) eller om ein òg vil bli vurdert for krava i § 1-2 (3) for professor.

---

<sup>1</sup> <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2018-09-12-1322>

<sup>2</sup> Det sakkunnige organet består av 4 vitenskapelige tilsette med kompetanse til vurdere pedagogiske mapper. To medlemmer kjem med samle uttale i kvar sak. Organet bytter ut minst to av sine medlemmer kvart andre år.

<sup>3</sup> Det er laga forslag til mal for ei slik mappe på Eining for læring sine nettsider. Det vert også gitt kurstilbod om å lage ei pedagogisk mappe.

## Kriterium som vert lagt til grunn ved vurderinga

Den pedagogisk sakkunnige vurderinga vil bli gjort med utgangspunkt i gjeldande retningslinjer. Her i inngår:

- Krava til utdanningsfagleg kompetanse slik dei er formulerte i forskrifta (sjå fotnote 1)
- Nasjonale retningslinjer for universitets- og høgskolepedagogisk kompetanse frå UHR<sup>4</sup>
- Reglar for vurdering av utdanningsfagleg kompetanse ved UiB<sup>5</sup>
- «Nasjonale normer for bedømming av professorkompetanse ved dei medisinske fakulteta i Norge», og/eller «Felles nasjonale kriterier ved vurdering av søknader innan fagområdet odontologi (spesialområder)»<sup>6</sup>
- Retningslinjer for sakkunnig uttale/bedømming ved vurdering av søkarar til stilling som professor og førsteamanuensis ved fakultetet

I tillegg må søkarar merke seg følgjande;

- Det sakkunnige organet vil gjere ei heilskapleg vurdering av søkaren sin faktiske kompetanse, slik den er dokumentert i den pedagogiske mappa. Det er ikkje tilstrekkelig å vise til at ein har gjennomført eit gitt tal timar med pedagogisk kompetanseheving. Det vil bli gjort ei individuell kvalitativ vurdering av søkaren sine refleksjonar rundt oppnådd læringsutbytte. Det er difor ein føresetnad at undervisaren viser kva slags kompetanse aktiviteten har resultert i.
- Søkaren må syne at den samla kompetansen har ei rimeleg breidde (jfr. UHR sin nasjonale retningslinjer og tabellen nedanfor).
- Både formell studiepoengfesta utdanning, andre kurstilbod og realkompetanse (erfaring) kan inngå i grunnlaget for utdanningsfagleg kompetanse. Studiepoengfesta tilbod eller andre forskningsbaserte tilbod vil verte vektlagd.
- Eldre kursbevis på gjennomført universitetspedagogisk utdanning kan inngå som *del* av dokumentert utdanningsfagleg kompetanse. Men søkaren vil vert vurdert opp mot gjeldande kompetansekrav når ein søker om professoropprykk, fornying av åremålsstilling eller nyttilsetjing, slik at det kan være naudsynt å supplere tidlegare aktivitetar med nye eller andre kompetansebyggjande aktivitetar. Gjennom søknadsteksten og den pedagogiske mappa vil ein kunne argumentere for at den totale kompetansen er dekkande for utdanningsfagleg basiskompetanse etter gjeldande krav.
- I tråd med UHR sine nasjonale retningslinjer kan ikkje anna generell pedagogisk utdanning eller praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) erstatte universitets- og høgskolepedagogisk utdanning etter forskrifta.

## Rettleiing for vurdering av aktivitetar som kan inngå som del av utdanningsfagleg kompetanse

Kravet i forskrifta (§ 1-4 (3)) omfattar 200 timar, noko som i arbeidsmengde svarer til ca. 8 ECTS. For å bidra til likeverdig og rettferdig vurdering av søkarar er det utarbeid ein tabellarisk rettleiar for kreditering av erfaring mot studiepoeng (sjå tabell nedanfor). Krediteringa er basert på at søkaren kan vise til oppnådd kompetanse og læringsutbytte av dei ulike aktivitetane. Det betyr at vurderinga vil bli gjort kvalitativt, og at det ikkje kan gjerast ei direkte kvantitativ utrekning eller summering

---

<sup>4</sup> <https://www.uhr.no/temasider/karrierepolitikk-2/nasjonale-veiledende-retningslinjer-for-uh-pedagogisk-basiskompetanse/>

<sup>5</sup> <https://regler.app.uib.no/regler/Del-3-Personal-og-HMS/3.1-Personalforvaltning/3.1.2-Regler-om-tilsetjing/Regler-for-vurdering-av-utdanningsfaglig-kompetanse-ved-UiB>

<sup>6</sup> <https://www.uhr.no/temasider/karrierepolitikk/opprykk/oppbyggingsordninger/>

basert på aktivitetane i tabellen. Tabellen er rettleiande og meint som ein peikepinn om når tilstrekkeleg omfang kan vere oppnådd.

Hovudkategoriar av mogleg teljande erfaringsgrunnlag:

1. *Vitskapelege, fagfelleverderte publikasjonar som handlar om utdanning.*
2. *Presentasjonar på utdanningsfaglege konferansar, nasjonalt og internasjonalt.* Døme kan vere lokale, nasjonale eller internasjonale møter og konferansar med utdanningsfagleg tematikk. Konferansebidraget skal vere basert på ei forskande tilnærming. Deltaking (utan presentasjon) kan og telje, men i mindre omfang.
3. *Utdanningsfaglege kurs frå eige eller andre universitet og høøgskular.* Her inngår kurs og modular gjennomførte ved einingar/institusjonar både innanfor og utanfor UiB, i både inn- og utland. European Credit Transfer and Accumulation System (ECTS) vert lagt til grunn for studiepoeng, men relevansen av kursmodulen i høve til utdanningsfagleg kompetanse vil verte vurdert på nytt, og er avgjerande for endeleg uttelling i studiepoeng ved vurderinga.
4. *Leiing av utdanningsverksemd.* I dette ligg alle former for realkompetanse frå eiga undervisningsverksemd. Det kan til dømes dreie som om program- eller emneansvar eller andre utdanningsretta leiarfunksjonar. Søkar må gjennom søknadsteksten og i pedagogisk mappe syne omfang og relevans av sin realkompetanse.
5. *Plan- og prosjektarbeid.* Deltaking i utdanningsfaglege råd og utval, innovasjonsarbeid for undervisning, studieplanrevisjonar, og andre prosjektgrupper for utvikling av utdanningsverksemd er relevant for vurderinga. Relevansen av erfaringane vil verte vekta ut frå søkaren sin grad av involvering i arbeidet og refleksjonar kring relevans av erfaringa for eiga utdanningsfaglege utvikling.
6. *Undervisnings- og rettleiarerfaring*  
Om ein søkar har opparbeidd seg reell og brei utdanningsfagleg kompetanse gjennom lang tids erfaring med undervisning og rettleiing innan høøgare utdanning, kan denne erfaringa vektast som erstatning for deler av anna universitetspedagogisk opplæring. Slik erfaring kan uansett ikkje erstatte *all* universitetspedagogisk opplæring, og det er heller ikkje slik at det er ein direkte samanheng mellom volum/mengde gjennomført undervisning/rettleiing og den uttellinga ein vil få.
7. *Utvikling av undervisningsmateriell for bruk utover eiga undervisning.* Utvikling av og utgjeving av undervisningsmateriell og læremiddel for relevante målgrupper i UH-sektoren vil telje. Det kan vere læremiddel som lærebøker, kompendium, nettbaserte kurs, oppgåvesamlingar og liknande. Anna type læremidlar, som utvikling av programvare, metodebøker, instruksjonsmateriell og liknande, kan òg telje.
8. *Andre aktivitetar.* Søkar kan i søknaden vise til og argumentere for andre aktivitetar enn dei som er gitt i denne rettleiinga, som teljande i vurderinga.

**Tabell:** Oversikt over teljande erfaring med framlegg til vurderingsområde for studiepoeng

Utdanningsfagleg erfaring	Studiepoeng	Rettleiing for vurderinga	Dokumentasjonsform
<b>Publikasjonar</b>	0-3	Publikasjonar i fagfelleverderte tidsskrift med relevans i høve til utdanningsfagleg kompetanse vil verte vurdert. Fagdidaktiske publikasjonar og forskning på eiga undervisning er døme på relevante publikasjonar. Internasjonal publikasjon: Maks 2 stp per artikkel. Nasjonal publikasjon: Maks 1 stp per artikkel.	Publisert artikkel. Søkar må greie ut om sitt bidrag i artikkelen. Normalt skal søkar vere førsteforfattar for at arbeidet skal vurderast som teljande.
<b>Konferansebidrag</b>	0-2	Relevans for utdanningsfagleg kompetanse. Internasjonale og nasjonale kongressar gir inntil 1 stp per presentasjon	Vedlagt fil med poster eller konferansepresentasjon samt konferanseprogram. Normalt skal søkar vere førsteforfattar eller framleggar.
<b>Deltaking på konferansar utan presentasjon</b>	0-1	Inntil 1 stp per deltaking. Omfanget bør vere basert på at 1 stp tilsvarar om lag 25-30 arbeidstimar.	Deltakarbevis, program og kort oppsummering av kva ein har vore med på og fått ut av deltakinga.
<b>Interne og eksterne kurs</b>	0-8	Kursinnhald og stp vert vurdert i høve til relevans.	Kursbevis/program/pensum og refleksjon over læringsutbyte.
<b>Planlegging, prosjektarbeid og utdanningsleiing</b>	0-2	Omfang, rolle og kompetanse/lærdom av prosjektet må skildrast.	Utgreiing om søkarens rolle og oppgåver samt refleksjon over læringsutbyte.
<b>Undervisning og rettleiing</b>	0-2	Kompetansen må være brei og vise utvikling over tid. Søkaren må reflektere over erfaringslæring, og vise til pedagogisk forskning og teori for å kunne få utteljing. Volum av undervisning og rettleiing tel i seg sjølv ikkje.	Refleksjonsnotat i tillegg til oversikt over omfang og art av undervisning og rettleiing.
<b>Undervisningsmaterieill</b>	0-3	Produkta skal vere for bruk utover eiga undervisning for relevante målgrupper. Døme er bøker, digitale læringsressursar, programvare og instruksjonsmaterieill. Lærebok i eige fag kan gje inntil 2 stp.	Utgreiing om rolle og oppgåver samt refleksjon over læringsutbyte. Oversikt over omfang og undervisningsmateriellets art.
<b>Andre aktivitetar</b>	0-3	Omfang, rolle, kompetanse og lærdom av aktiviteten må skildrast.	Refleksjonsnotat. Oversikt over omfang og art.